

Hei Atle.

Eg var innom på kommunehuset i dag for å forhøyre meg om det er mogleg å ta ned ei bjørk som står i hjørnet på tomta i Røssvikreken, der kor det er omsorgsbustadar. I resepsjonen nemnde dei at dette er ditt ansvarsområde.

Me har nyleg flytta inn i huset på oppsida av vegen, og om to månadar vil utsikta innover Sørfjorden bli nokså redusert. Dersom dette lar seg gjere, kan me tilby oss å ta ned bjørka og eventuelt krattet rundt, og kjøre det bort. På komande laurdag skal me uansett ta ned ei stor lerk på eiga tomt.

Eg har lagt ved eit bilete som viser bjørka som veks ved stolpen for straumledningar m.m.

Mvh Geir Øy